

Stiftinga Lyngheim

Os 31. mai 2017

Lyngheim, Os. Det historiske tunet. Undervisningsopplegg og film om rosemålartradisjonen og nasjonalromantikken. Søknad til Hordaland fylkeskommune, KUP-programmet.

Barn og unge / senior +

Internasjonalt / heile landet / regionen / lokalt

01.01.2018 – 31.12.2019

Kunstprosjekt/folkekunst. Vern av kulturarven. Kulturformidling.

Det historiske tunet på Lyngheim i Os er eit samarbeidstiltak mellom Stiftinga Lyngheim og Os kommune. Bygging av ein replika av den gamle rosemålarverkstaden frå Tveit frå 1870-åra vil gje ein base for ny verksemd. Til innhaldet og formidlingsprogrammet, som grunnlag for ny verdiskaping og opplæring, søker stiftinga om eit tilskot under KUP-programmet i Hordaland fylkeskommune. Prosjektet vil bli organisert i eit samarbeid mellom dagens utøvarar Torunn Rød Farsund og Hjørdis Juvik og kulturhistorikaren Nils Georg Brekke. Prosjektet har registrert domenet Rosemålarverkstaden-os.no. Det vil naturleg bli eit samarbeid med Oselvarverkstaden og Hordamuseet som regionmuseum.

2018 – 2019

Visuell kunst
Kulturarv
Kulturformidling

Revitalisering av tradisjonshandverk, opplæringsverksemd

I det historiske tunet på Lyngheim er kulturarv og kulturformidling i fokus. Rosemålarverkstaden til Annanias Tveit – ein av dei autentiske verkstadtradisjonane i Norge – vil gje ei ramme kring ei opplærings- og produksjonsverksemd for å revitalisera og føra vidare det gamle rosemålarhandverket. Formidlingsdelen av prosjektet handlar om vern og vidare-føring av eit tradisjonshandverk forankra i handverksbygda Os, og det handlar om formidling av visuell kunst, form og farge gjennom opplæring av unge utøvarar. Osmålinga på slutten av 1800-talet er ein av dei interessante seintradisjonane i den europeiske folkekunsten. Møtet mellom Ole Bull og Annanias Tveit på Lysøen i 1873 er

eit sjeldsynt kultur møte, og prosjektet vil munna ut i ein film og ei bok om denne tradisjonen, som er ein viktig del av den norske nasjonalromantikken og av Vestlandets kulturhistorie.

Formål

Formidling og deltaking

Mange av dei eldre handverka – våre henders verk – er blitt borte i dagens industri-samfunn. Derfor er ein av UNESCO sine konvensjonar (2003) spesielt innretta mot den immaterielle kulturarven, «den tause kunnskapen». Her ligg ein hovudgrunn for Vestlandet, for Hordaland og for Os til å satsa på vern og vidareføring av eitt av dei tradisjonsrike handverka, rosemålarhandverket, tilsvarande båtbyggjarhandverket i Oselvarverkstaden. I regionsenteret Os er det no i ferd med å ta form ein kulturakse i vandringa langs fjorden frå Oseana, via Vognhallen med Os stasjon, til Oselvarverkstaden og til det historiske tunet på Lyngheim med rosemålarverkstaden.

Budsjett	
Undervisningskompendium	100.000
Utstilling og presentasjonar	100.000
Film/ DVD «Roser og liljer»	300.000
<hr/>	
	500.000
<hr/>	
Tilskot	
KUP-programmet	500.000
<hr/>	

Budsjettet må ein sjå på bakgrunn av at Stiftinga Lyngheim søker Os kommune om finansiering av eit replikabygg av rosemålarverkstaden, kr. 950.000 og ferdigstilling av tunet, tilsaman kr. 1.200.000.

Prosjektet må også sjåast i samanheng med den betydelege grunnlagsinvesteringa som ligg i det historiske tunet, med flytting og gjenoppbygging av den lange, innhaldsrrike lemstova frå rosemålarartunet på Tveit. Dette prosjektet er gjennomført i perioden 2009-2016 til ein samla kostnad av kr. 6.100.000, finansiert gjennom regionalt næringsliv, sponsormidlar, allmenntillegte stiftingar og fond, gåver og ein stor dugnadsinnsats.

Søknaden til Os kommune om reising av rosemålarverkstaden og ferdigstilling av tunet reknar stiftinga med vil verta handsama i samband med budsjettarbeidet for 2017.

For Stiftinga Det historiske tunet på Lyngheim
Magne Brække (s)
Styreleiar

VEDLEGG 1-3.